

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

13. søndag i treeiningstida - 14. august 2016

Preiketekst: Joh 15, 13-17

Lesetekst I: 2 Mos 18, 13-24

Lesetekst II: Ap.gj. 6, 1-7

Ja til Guds gode vilje

Preget til denne søndagen er ikkje heilt tydeleg. Dei to lesetekstane handlar om å drive godt leiarskap mellom Guds folk og om å distribuere tenester til tiltrudde menneske. Joh 15 handlar, som vi skal sjå, ikkje primært om dette, men om disiplane sin organiske einskap med Jesus, enten han kallar oss greiner på vintreet, nære vener eller vitne som har hans Ande. Om vi skal leite fram eit punkt av likskap, kan et ligge i det kallet vi har som disiplar til å la oss prege av Jesus som sanne tenarar for han i kyrkja og i verda.

Om teksta

Joh 15 har ei naturleg tredeling. Dei første åtte versa spinn rundt metaforen om Jesus som vintreet og oss som greinene og om å bli verande i han. Elles blir det ikkje frukt. Den tredje delen går frå vers 18 og ut kapitlet og handlar om den manglande forventinga vi som Jesu etterføljarar bør ha til verda, men og det frimodet vi kan ha. Verda har hata Jesus og vil ut frå sin natur stå imot evangeliet. Derfor vi ho også støyte frå seg alle som vil følgjer Jesus i eit heilagt liv i denne verda. Likevel skal vi vitne evangeliet, og dess meir fordi har fått Den heilage ande sendt frå Faderen og Sonen.

Preiketeksta er ein del av midtdelen i kapitlet, v. 9-17, altså større enn preiketeksta, men ikkje veldig langt. Det grensar til ein uting når preiketekstene blir gjort så korte at dei tapar samanhengen sin. Forkynninga skal legge ut Guds ord og adressere det inn i menneske sine liv. Dette blir svekka når tekstsamanhengane blir avkorta. Her har vi mykje å lære frå andre land og tradisjonar som legg vekt på kombinasjonen av sterkt tekstbasert og tydeleg kontekstrelatert forkynning.

Guds lov i ein sum

Hovudsaka i v.9-17 er den kjærleiken som vi er kalla til og som i livet handlar om å ta Jesu bod på alvor. Kjørleiken er nettopp summen av og sjøve basisen i Guds bod. Skrifta opnar aldri for den moderne tanken om at vi kan definere kjærleiken i samsvar med vår tids emosjonelle prioritet og deretter nulle ut dei konkrete boda og formaningane som Gud i sin gode vilje har openberra for oss i sitt ord. Tvert om driv Jesu kjærleik oss til å seie ja til Guds gode vilje i Bibelen.

Det er trådar i teksta vår som både går framover og bakover i kapitlet. Når Jesus minner oss om å bere frukt som varer (v. 16), spelar det på likninga om vintreet og greinene. Det same gjer uttrykket om bøna til Far i Jesu namn i same verset. Når han etter vår tekst er så tydeleg på det hatet som han, evangeliet og vi vil bli møtt med hos jødar og heidningar, fordi vi alle har ein natur som står evangeliet imot, blir det tydeleg for oss at den kjærleiken som han kallar oss til å leve ut ved å halde hans bod, ikkje gir gjenklang hos folk flest. Peter talar seinare om at også vår gode livsferd i Kristus vil bli talt vondt om (1 Pet 3, 16).

Eros eller agape

Den kjærleiken som det er snakk om her, har ingenting med omgrepet kjærleik (eros) i populærkulturen vår. Utruleg mykje kunne ha vore rydda opp i kyrkjeleg teologisk debatt om teologane på dette punktet var ærlege og klargjorde for forsamlingane noko av det mest elementære vi lærte i studia våre: Eros og agape har ingenting med kvarandre å gjere på nokon måte i gresk språk. Det er eit tap for oss at vi i moderne norsk språk har late begge desse omgrepa bli omsett med «kjærleik». Gresken viser oss hos Jesus til agape, den kjærleiken som elsker ved å gi seg sjølv heilt og fullt for den som er elska, rimeleg ulikt erotikken. Dette skjer uavhengig av om den som blir elska er verd det, rimeleg ulikt forelsking og begjær. Kva dette fekk å seie for Jesus og hans relasjon for oss, ser vi på korset, der han gav livet sitt for oss, for syndene våre og for vår frelse.

Venesamfunn

Jesus markerer at han gir livet sitt for venene sine (v. 13f). Det gamle ordet for fellesskapet på tvers av organisasjonane på bedehuset, venesamfunn, er henta frå dette verset. Eit samfunn av Jesu vener, men også av «kvarandre» som vener, i eit kjærleikens fellesskap som er større og sterkare enn interessefellesskapa. Ordet venesamfunn var eit fint ord og ei viktig sak, sjølv om det av ulike grunnar no er gått ut på dato. Det kan derimot aldri gå ut på dato at vi som følgjer Jesus, skal danne fellesskap som er prega av at vi elsker kvarandre – inderleg - som både vener og søsken (v. 17; Rom 12, 10).

Kva er alternativet til å vere Jesu vener for oss som følgjer han? Det hadde ikkje vore urimeleg om han kalla oss slavar (gresk: doulos), men Jesus seier aktivt at det ikkje er den relasjonen han vil legge vekt på med oss (v.15). Vi ser både lengre nede (v. 20) og andre plassar at det naturlegvis er rett at Jesus er vår Herre, og vi er hans eigedom, overgitt til han. Paulus skriv ofte om seg sjølv både som Kristi og som dei truande sin slave, men han er tilbakehalden med å nemne dei truande søskena sine som slavar. Dei er søsken, og dei kan vere tenarar (gresk: diakonos). Slik følgjer Paulus opp Jesu ord: Jesu etterfølgjarar er ei samling av Jesu vener med oppdrag å elske kvarandre og slik tene kvarandre. Slik skal verda forstå kven Jesus er.

Utvalde

Jesus grunngir sitt venskap med oss med at han ikkje vil halde seg sjølv (og Gud) skjult for oss (v. 16). Jesus er sjølv nærveret av Gud, og han vil gjere oss kjent med Gud. Kanskje tenker han at vi lett blir slavar under det ukjente, slavar av det utrygge. Slik verkar ofte uvissa på oss. Den bind oss og formørkar oss. Avklaring ryddar derimot opp så vi veit kva har i forholde oss til. Jesus er komen for å avklare det viktigaste av alt: kven Gud er og korleis vi kan ha fellesskap med han. Han har jamvel valt oss ut. Skulle vi vere i tvil om kva forhold vi har til Gud ut frå uvisse i oss sjølv, kan vi gå tilbake til det grunnleggande valet: Ut frå sin store kjærleik har han valt oss ut. Slik blir liva våre sett fri til å bere gode frukter til glede for andre menneske.

Jesus uttrykker eit av dei sterke orda om bøna i to gongar dette kapitlet. I v. 7 seier han at når vi blir verande i han og ber i samsvar med hans ord, så skal vi få det. V. 16 gjentar dette løftet knytt til bøn i Jesu namn. I det første berevet sitt gjentar Johannes det same ved å kalle det bøn etter Jesu vilje (1 Joh 5, 14f). Den som veks saman i Andens djupe, organiske fellesskap med Jesus, veks også saman og blir eitt med hans gode vilje. Då ber vi om å bli leia etter Guds gode vilje, og den bøna vil alltid få sitt positive svar. For eit løfte og privilegium for alle som kan kallast Guds born og Jesu vener.

Om preika

Eg trur ikkje eg ville ha lagt for mykje vekt på dei andre tekstane i denne preika, bortsett frå poenget om at kjærleiken som vi har fått frå Jesus, må omsettast i eit «kvarandre», i konkret teneste. Jesu ord i Joh 15 hjelper oss til å seie at dette gjeld langt utover dei konkret synlege leiartenestene som blir omtalt i 2 Mos 18 og Ap.gj. 6. Vi må vere frimodige til å kalle alle truande til eit heilagt liv i kjærleik og teneste, i samsvar med det høge kallet og utveljinga i Kristus. Sjølv ville

eg ha brote søndagens oppsette orden og preika over heile den aktuelle teksteininga, v. 9-17, og altså ikkje begynne i v. 13. Stikkord for ein disposisjon som ligg nær teksta kunne vere

- kjærleikens kjelde (Gud i v. 9 og Jesus i v. 13);
- kjærleikens uttrykk (halde hans bod i v. 10 og 14);
- kjærleikens fellesskap (samfunn av vener i Jesus i v. 12 og 15-17).

Rolf Kjøde

Fungerande administrasjonssjef NLA Høgskolen

Rolf.Kjode@NLA.no